

## Fylkestinget i Vestland

### VITENSENTERET «VITEMEIR» I SOGNDAL

#### Orientering om status

ViteMeir i Sogndal er skipa med eit breitt eigarskap; fylkeskommunen, 6 kommunar, privat næringsliv, Høgskulen på Vestlandet (HVL), NITO og Vestlandsforskning.

Norsk Forskningsråd har no godkjent vår søknad om å bli eit regionalt vitensenter, på lik linje med VilVite i Bergen. Dei tilrår at departementet gir eit årleg driftstilskott på 6,9 MNOK frå 2021.

Grunngjevinga frå Forskningsrådet er:

*«Basert på helhetsvurdering opp mot kriteriene og med spesiell vekt på den geografiske beliggenheten, den meget sterke lokale forankringen, solid økonomi og svært gode planer for pedagogisk opplegg anbefaler Forskningsrådet at ViteMeir blir et regionalt vitensenter»*

Vestland fylkeskommune er byggherre, gjennom eit samarbeid mellom Sogndal vidaregåande skule og ViteMeir. Vi har byggestart no i juni og opnar dørene i september 2021.



Bilde: Sogndal VGS og ViteMeir. Byggherre Vestland fylkeskommune. Entreprenør Åsen & Øvrelid AS.

I tillegg til statstilskottet vert drifta finansiert med signerte rammeavtaler med kommunane og fylkeskommunen, sponsormidlar frå næringslivet og billettinntekter.

Den pedagogiske plattformen er utvikla i tett samarbeid med HVL. Berekraft, det grønne skiftet og ressursane på Vestlandet er gjennomgåande tema.

Vår sakshandsamar:  
Tor Arne Ness

Dato:  
18. mai 2020

Vår referanse:  
Vestland fylkeskommune

## Eingongstilskott til installasjonar

Romprogrammet er definert, og vi har ein masterplan for utstillingane/-installasjonane.

Ein god innhaldsutvikling er heilt avgjerande for dei pedagogiske løysingane og eit kritisk suksesskriterium. Her er det eit uløyst finansieringsbehov som korkje vert dekkja av byggeprosjektet eller over drifta.

Målet vårt har vore å samle inn opp mot 20 MNOK til dette sentrale føremålet, i form av eingongstilskott og gåver frå ulike kjelder som sparebankstiftingane o.l. Pengane skal ikkje gå til drift eller bygget, men er øymerkt til å utvikle, produsere og kjøpe inn dei pedagogiske installasjonane/utstillingane til senteret no før opninga. Vi ynskjer eit unikt innhald som reflekterer ressursane og identiteten til regionen vår.

Så langt har vi sikra 10,2 MNOK i slike tilskot/gåver. Behovet er estimert til 18-20 MNOK for ein interaktiv og pedagogisk utstilling, så vi manglar 7,8 MNOK.

Vi vonar Fylkestinget i Vestland no kan bidra til å løyse finansieringa av denne delen av satsinga i ViteMeir. Med 4,8 MNOK vil det gi oss naudsynt føreseielegheit til å løyse resterande, og skape eit spanande senter for både skular, næringsliv og fritidsbesøkande.

Vi bidreg gjerne med ytterlegare informasjon om dette er ønskjeleg.

Med venleg helsing

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS



Tor Arne Ness  
Styreleiar



Marianne Jevnaker  
Prosjektleiar

